

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
53/2020	Formannskap	22.09.2020

Kommunal planstrategi 2020-2023

Vedlegg:

- 1 Lom kommune - planstrategi 2020-2023
- 2 Planoversikt

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, blir forslag til kommunal planstrategi «Lom kommune – planstrategi 2020-2023» offentleg kunngjort minst 30 dagar før sluttbehandling i kommunestyret.

Saksprotokoll i Formannskap - 22.09.2020**Behandling****Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, blir forslag til kommunal planstrategi «Lom kommune – planstrategi 2020-2023» offentleg kunngjort minst 30 dagar før sluttbehandling i kommunestyret.

Samrøystes

Saksutgreiing

Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien er retningsgjevande for den kommunale planlegginga, og har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane. Det kan

heller ikkje setjast fram motsegn mot ein kommunal planstrategi, men statlege og regionale styresmakter har høve til å påpeike forhold som ikkje er i tråd med overordna føringar, og gjennom dette varsle eventuelle motsegner når det gjeld arealplanarbeidet.

Planstrategien gjev kommunestyret moglegheiter for å ta opp hovudutfordringar i kommunen tidleg i perioden og skape sterkare eigarskap og engasjement til planar og planlegging. Formålet er ”å planleggje planlegginga” – med fokus på heilskap, tilrettelegging og koordinering av planarbeidet. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men eit grunnlag for å klargjera og prioritere planbehovet i perioden.

I forslag til planstrategi er fylgjande prinsipp lyfta fram som førande for planarbeidet i Lom kommune

1. Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i plansystemet skal tilleggjast stor vekt. Kommunestyret skal bruke planen til å formulere og vedta overordna politiske mål og strategiar for kommunen og administrasjonen skal levere teneseter som er i tråd med desse. Samfunnsdelen må vere oppdatert og skal som hovudregel rullerast kvar kommunestyreperiode.
2. Arealdelen skal vere underordna samfunnsdelen sine overordna prioriteringar og mål – arealdelen er samfunnsdelen sin arealrelevans.
3. Økonomiplanen skal vere handlingsdel til samfunnsdelen – økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.
4. Det er eit mål å redusere talet på kommunedelplaner og temaplaner, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunnsdelen og arealdelen.